

- KUNNGJERING -

Bokn vassverk – Søknad om løyve til auka uttak av drikkevatn og auka regulering av Torlandsvatn i Bokn kommune

NVE har motteke søknad frå Bokn vassverk om løyve til auka uttak av drikkevatn og auka regulering av Torlandsvatn i Bokn kommune. Søknaden vert behandla etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i same lov.

Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn på Servicetorget i Boknatun og på NVE sine internettsider www.nve.no/konsesjonssaker fram til høyringsfristen går ut. Dersom du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med Hans Faye på tlf.: 98 22 15 05 eller e-post: hans.faye@bokn.kommune.no. Høyringsuttalar kan sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker, per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo innan **15.03.2016**.